



Møtereferat

Delprosjekt: Brann- og redningstenesta
Møtestad: Ålesund brannstasjon Volsdalsberga
Dato: 30.08.2018
Tid: 08:30 – 13:400
Møteleiar: Geir Thorsen

Deltakarar:	Kommune/repr.
Geir Thorsen	Ålesund
Kim Andre Breivik	Sandøy
Nils Kristen Skaar	Haram
Magnar Kvalvik	Skodje
Kjell Arve Lid	Ørskog
Bent Leite	Tillitsvald NITO
Michael Werner	HVO
Johnny Stølen	Skrivar

Saksliste:

1. Ny fase i prosjektorganiseringa Nye Ålesund. Konsekvensar for vår faggruppe.(KAB)
2. Arbeid i faggruppa med plan for vidare drift.(GT)
3. Presentasjon av rapport i høve HMS-kartlegginga av brannstasjonane.(MW)
4. Økonomi og ressursar til å løyse arbeidsoppgåvene til faggruppa.(GT)
5. Anna.

Referat og konklusjonar:

	Sak	Ansvar/tidsfrist
	Tillegg til agenda. Sak Sandøy ved KAB Kompetansegruppa har gjennomført to møter og arbeider vidare	
1	Ny fase i prosjektorganiseringa Nye Ålesund. Delprosjekta som er i gang skal leggest inn under dei nye einingsleiarane som blir tilsett i haust. T5 skal kunne fortsette som tidlegare etter informasjon frå Astrid Eidsvik. T5 må gjere endringar i sitt mandat på	

	<p>økonomiske nøkkeltal, befolkningsutvikling og trendar skal inn i mandatet. Vi endrar og justerer mandatet for gruppa og sender over til AE for aksept etter at forslag har blitt sendt ut til medlemmane i faggruppa for uttale.</p> <p>Søknad om prosjektmidlar til prosjektleiar er ikkje gitt endeleg tilbakemelding på. I møte med AE vart vi informert om at det vil kunne bli tildelt midlar men ikkje i søkt storleik.</p> <p>Dei andre gruppene skal fastsette organisering og bemanning i Nye Ålesund denne hausten. Organisering av det nye brannvesenet skal baserast på analyser og vil ta lengre tid.</p> <p>AE støttar utsending til nabokommunane om deltaking i brannvesenet med fristar.</p> <p>Møte AE og Bente Vikhagen vedkomande organisering og avklaring om det blir KF el kommunal under teknisk. Basert på rapport «Hopehav» sak skal opp i AU 5. Sept. og i Fellesnemda 13 Sept. Brannvesenet og 110 fortsetter som KF i saksframlegget frå prosjektorganisasjonen.</p> <p>Høyringsuttale frå ÅBV til organiseringa blir sendt ut med dette referat.</p> <p>KAB prosjekt for framtidig organisering må vere edrueleg for kva som er mulig å få til det er ikkje høve til å tilfredstille alle ynskje.</p> <p>KAB</p> <p>Prosjektleiing, rådmenn og leiare av arbeidsgrupper møte denne veka, T5 og eigedom ligg førebels under teknisk. Samarbeid med andre kommunar skal ha nye samarbeidsavtalar etter vertskommunesamarbeid, ikkje ala carte. Laga malar for samarbeidsavtaler og korleis den økonomiske delen skal vere vist. Skal vere ferdig laga og godkjent i Des 2019. Fellesnemda skal behandle desse avtalane.</p> <p>Kunnskapsgrunnlag utarbeidd denne veka. 1. Des organisering og funksjonsbeskrivelse for kommunen. Brannvesenet klarer ikkje dette innan frist sidan dette skal vere basert på analyser.</p> <p>April skal dei tilsette i Nye Ålesund vite kva dei skal forhalde seg til. Tildeling av midlar vil kunne gjere at analyser kan gjennomførast.</p> <p>Mange kommunar sine tilsette har fleire funksjonar innan teknisk bla. Brann. Dette gjer at det som blir gjort innan teknisk kan få konsekvensar for brann.</p> <p>Forskriftsarbeid innan sjølvkostområdet og verktøy for fagsystemet. Dette blir det arbeidd med og skal avklarast og det er viktige avklaringar. Det blir fleire arbeidsmøter for dette prosjektet i tida framover.</p>	
<p>2</p>	<p>Arbeid i faggruppa og vidare drift.</p> <p>Lage plan for møter med mannskap i kommunane.</p> <p>Avklaringar for nabokommunar etter tilbakemeldingar på brev.</p> <p>Endringar rapport og mandat for faggruppa.</p> <p>Tildeling av midlar avgjerande for framdrift på kva som kan settast ut.</p> <p>Studietur evt. samarbeid med kompetansegruppe.</p> <p>Faggruppa møter med ein gang svar på søknad om midlar føreligg. Ein bestemmer då kva prosjekt desse midlane skal nyttast til.</p>	
<p>3</p>	<p>Presentasjon rapport HMS-runde ved Michael.</p> <p>Presentasjon ligg i portal for lesing. Konklusjon og regneark med</p>	

	<p>prioriteringar føreligg. Oppfølging av rapporten blir å handsame i faggruppa og dannar grunnlag for å fastsette brannstasjonsstrukturen og gjere utbetringar slik at HMS blir tatt vare på i det nye brannvesenet. Den einskilde kommune bør kunne bruke denne rapporten til å starte arbeidet med å lukke dei avvik som er mulig. Spesielt det som går på organisering og drift som ikkje behov å koste store beløp. Den einskilde kommune bør å ta opp denne rapporten i AMU til info og vidare bruk.</p>	
4	<p>Økonomi og ressursar med plan for vidare arbeid. Dette blir sak på ekstra møte når svar på vår søknad føre ligg.</p>	
5	<p>Ny møteplan. Møte med tilsette i dei ulike kommunane. GT legg plan etter sin kalender og samordnar med kommunane. Med plan for gjennomføring i løpet av Oktober. Bent og Michael bør om muleg delta på desse møta. Skodje mandag Ørskog onsdag Haram tirsdag og onsdag Ålesund på sitt allmøte evt brigademøter. Sandøy evt 2019</p> <p>Sandøy kommune på bakgrunn av HMS-runden. Det er ikkje botevon i dagens brannstasjon. Rapporten og sak til formannskapet. Gjorde vedtak om at det blir lage plan for å ny brannstasjon. Sandøy treng hjelp til planlegging av denne brannstasjonen som skal gå inn i det nye brannvesenet. Prosjekt for plassering basert på risiko i kommunen. Fellesnemda skal uttale seg i alle investeringar og nye prosjekt som får konsekvensar inn i den nye kommunen. Dimensjoneringsforskrift, kommunen si ROS og Nordøyvegen set krav til ein oppegående brannstasjon i Sandøy. Fleire nylege brannstasjonsprosjekt i nærområde har vore gjennom same prosess, desse kan gi innspel og hjelpe til i prosjektet. Brannstasjon Sandøy kan bli eit konsept for andre brannstasjoner i det nye brannvesenet. Det er no i dag behov for å kunne skaffe midlar til eit skisseprosjekt og gjennomføring av dette.</p> <p>Ørskog. Etter dødsfall i sommar – opplæring i skogbrann. GT ingen lovpålagt opplæring. Opplæring i høve risiko i eigen kommune.</p> <p>Magne Karlsen frå personalavdelinga Ålesund – omstilling. Gruppe nedsett for personal og omstilling. Kommunen som arbeidsgivar står i intensjonsavtalen til Nye Ålesund. Alle rettar vil vere sikra i nye kommune. Harmonisering av lønn over tid. Gruppa har laga retningslinjer for omstilling og vedtatt. Dokument som vi bør ta ein vurdering av og kva konsekvensar dette vil ha for branntenesta. GT høyrer med Roar Reiten om det er presentasjonar som kan nyttast til informasjonsmøter med tilsette.</p>	

Møteplan

26.september Sandøy ferge Brattvåg 0855

17. oktober Haram

15. november Skodje

13 desember Ørskog

Sakliste neste møte.

1. Rapport og nytt mandat for faggruppa
2. Økonomi og vidare arbeid i faggruppa.
3. Sjølvkostområdet feiing og tilsyn
4. Anna

Særaldersgrense brann.

Magnar sin siste dag som brannsjef 17. desember 2018. Bent kjem til å bli ny brannsjef og vil då ta over Magnar si rolle i gruppa. Partsamansettutval vil bli utfordra til å kome med tillitsvaldrepresentant i gruppa.

Kommunikasjonssjef Christine Rørvik med i kommunikasjonsgruppa. Er i gang med å lage eit magasin om det nye Ålesund brannvesen og vil lage sak på HMS-kartlegginga som har blitt gjennomført. Ho fekk på møtet informasjon om HMS-kartlegginga.

Johnny Stølen 04092018